



Høyring - framlegg til ymse endringar i jordlova mv.

SAKSGANG			
Styre, utval, komite m.m. Formannskapet	Møtedato 01.11.05	Saksnr 140/05	Saksansvarleg KDH
Arkivsaknr 2005000456	Sakshandsamar Knut David Hustveit	Arkiv K2-V6, K3-&13	

RÅDMANNEN SITT FRAMLEGG TIL VEDTAK:

Formannskapet rår til at framlegg til ny jordlov slik det er skissert i del I vert vedtekne. Det bør gjevast høve til fastsetje lokale forskrift med plikt til å søkje om delingssamtykkje tilpassa lokale tilhøve.

Staten bør sikre seg eit minimum av verkemiddel som kan vere med å bidra til å få bygt rasjonelle landbrukseigedommar. Jordfondet må såleis oppretthaldast om lag slik det er i dag.
.....

01.11.05 FORMANNSKAPET

Handsaming i møtet:

Rådmannen sitt framlegg vart samrøystes vedteke.

FOR-140/05 VEDTAK:

Formannskapet rår til at framlegg til ny jordlov slik det er skissert i del I vert vedtekne. Det bør gjevast høve til fastsetje lokale forskrift med plikt til å søkje om delingssamtykkje tilpassa lokale tilhøve.

Staten bør sikre seg eit minimum av verkemiddel som kan vere med å bidra til å få bygt rasjonelle landbrukseigedommar. Jordfondet må såleis oppretthaldast om lag slik det er i dag.

SAKSDOKUMENT:

Ikkje trykte vedlegg i saka

Nr	T	Dok.dato	Avsendar/Mottakar	Tittel
1	I	30.06.05	Landbruks- og matdepartement	Høyringsbrev - forslag til diverse endringar i jordlova mv.

SAKSUTGREIING:

Det kongeleg landbruks- og matdepartement har utarbeidd framlegg til endringar i jordlova. I høyringsskrivet heiter det ma:

Departementet inviterer med dette til innan 1. november 2005 å gi uttale til forslag til lovendringar. Forslaga gjeld:

- *oppheving av delingsforbodet, jordlova § 12, del I,*
- *oppheving av føresegner om staten sine kjøp av tilleggsjord og føresegner om ekspropriasjon etter jordlova, del II,*
- *tilskotsordninga, jordlova § 18, del III,*
- *oppheving av nokre uaktuelle lover, del IV.*

Del I, II og IV byggjer mellom anna på eit ønske om forenkling. I del I er det også lagt vekt på at det er nødvendig å konsentrere offentleg innsats om verkemiddel som har potensial for å sikre busetjing, næringsverksemd, innovasjon og livskvalitet i distrikta.

Eigedomar og bygningane som står på dei er ein ressurs. For å sikre positiv utvikling i Bygdenoreg må vi verta meir bevisste på korleis ressursane kan takast i bruk for å nå distrikts- og landbrukspolitiske mål. Eigedomspolitikken bør ta vare på ulike omsyn. Det er nødvendig å støtte opp om ei utvikling mot større eigedomar. Dette kan gi grunnlag for ein meir effektiv gjennomføring av landbruks- og tenesteproduksjonen. Samtidig bør innbyggjarane få større fridom til å velje sjølv korleis dei vil bu. Dei som ønskjer å bu på ein gard, men som ikkje hentar inntekta si frå tradisjonelt landbruk, bør få større moglegheit enn i dag til å gjere det. Det må også bli større moglegheit til å få frådelt store tomter i landbruksområde. Det må samtidig takast vare på dyrka jord, og kulturlandskapet må sikrast som grunnlag for rekreasjon. Samla er dette ein politikk som legg til rette for å nytte eigedomsressursane slik at busetjing, næringsverksemd, innovasjon og livskvalitet i distrikta kan sikrast på ein betre måte enn i dag.

Forslaga i del I og II går ut på:

- *at det generelle forbodet mot å dele landbrukseigedom vert oppheva samstundes som det vert fastsett reglar om å søkje delingsamtykke der det er behov for offentleg kontroll med delinga, t.d. ved frådeling av dyrka jord.*
- *at eigaren må søke samtykke til deling eller frådeling av dyrka jord med mindre det er gitt samtykke til omdisponering etter jordlova § 9, eller der frådelinga gjeld jord som skal seljast som tilleggsjord til eit anna bruk i drift.*
- *at tinglysingskontrollen ved frådeling vert oppheva, og at kontroll av om delinga er omfatta av plikt til å søkje samtykke etter jordlova skal gjennomførast i samband med kommunen si handsaming av sak om deling og oppmåling etter føresegnene i plan- og bygningslova og ny lov om eigedomsregistrering.*
- *å avvikle ordninga med frivillig statleg kjøp for å sikre tilleggsjord.*
- *å oppheve oreigningsadgangen for å sikre tilleggsjord eller rettar og i samband med vanhevd av jord.*

Departementet vurderer også:

- *om det bør gjerast unntak frå delingsfridomen dersom frådelinga gjeld bygningar som ligg i eller nær tunet på eigedomen.*
- *om kommunane bør få moglegheit til å fastsette lokal forskrift med utvida plikt til å søkje samtykke til deling ut frå lokale tilhøve og prioriteringar eller om det bør innarbeidast endringar i føresegnene i plan- og bygningslova slik at kommunane kan fastsetje føresegner i arealplan.*
- *å oppheve oreigningsadgangen i samband med husmanns- og bygselbruk.*

Forslaget i del III byggjer på eit ønske om å synleggjere i jordlova § 18 kva for reaksjonar forvaltinga har høve til å nytte overfor tilskotsmottakarar som bryt tilskotsregelverket, og at omsetningsledda har ei rolle i tilskotsformidlinga. Forslaget inneber at forhold som i dag

berre er regulert i forskrifter med heimel i jordlova også vert regulert i lov. Forslaget er ikkje meint å innebere endringar i gjeldande rett.

Forslaget i del IV byggjer på eit ønske om å rydde opp i regelverket ved å oppheva lover som har vorte uaktuelle på grunn av samfunnsutviklinga eller som har mista sin reelle funksjon av andre årsaker. Forslaget gjeld oppheving av følgjande lover:

- Lov 22. juni 1934 nr. 5 om midlertidige innførselsforbud mv.
- Lov 31. mai 1935 nr. 5 om adgang til å utferdige forbud mot omsetning av ustemplet kjøtt og skinn av tamrein
- Lov 16. juni 1939 nr. 10 om regulering av tilvirkning og omsetning av potetmjøl m.m.
- Lov 13. desember 1946 nr. 23 om omsetning av pelsdyrskinn
- Lov 31. mai 1974 nr. 20 om importavgift og råvareprisutjevning ved eksport (eksportrestitusjon) for produkter framstilt ved bearbeidelse av jordbruksråvarer
- Lov 22. desember 1999 nr. 103 om opphevelse av lov 5. februar 1965 nr. 2 om Statens Landbruksbank m.m. (Overføring av Landbruksbankens oppgaver til Statens nærings- og distriktsutviklingsfond)

Det er utarbeidd eit høringsnotat med grunngjeving og nærare framstilling av forslaga. Der er også forslaga til endringar i lovtekst markerte. Notatet er lagt ut på Landbruks- og matdepartementet sine heimesider <http://odin.dep.no/lmd/norsk/dok/hoeringer/bn.html>.

...

JORDBRUKSSJEFEN SI VURDERING:

Del I Oppheving av delingsforbodet slik det er skissert i framlegget er ei stor endring av det forvaltningsregime vi har hatt sidan noverande jordlov kom i 1955 då det generelle delingsforbodet kom og særleg med den innstrammainga som kom med i 1965 der også tomter under 2 daa kom med i forbodet.

Det vil føre altfor lang å nemne alle detaljane knytt til endringane og drøfte alle dei ulike avvegingar som er gjort i høringsnotatet. (Notatet er tilgjengeleg på Internett eller på Fjalerhuset). Det kan difor i denne omgang vere viktig å merke seg at det er lagt opp til at i hovudsak vil delingsforbodet framleis gjelde jordbruksareal (fulldyrka jord, overflatedyrka jord og gjødsla beite) samt at departementet også vurderer å la forbodet gjelde ein del tilhøve knytt til tunskipnader for å nemne nokre av dei sentrale saksområda. Det kan synest fornuftig å ha eit strengare regime for denne type areal.

I praksis ser vi at dei aller fleste delingssøknadene i den seinare tid er etterkomne, i alle fall når det gjeld den type areal som det no er føreslege kan delast fritt. Det kan difor sjå ut til at delingsforbodet i lovteksten har relativt lite å seie for den utvikling vi ynskjer.

Vi har i dag stor trong for å stimulere til at folk buset seg i distrikta. Det er vidare stort behov for å ta vare på og ikkje minst utnytte kulturlandskap og bygningar knytt til gardsbruk og særleg bruk som ikkje er i drift. Dersom enklare delingsprosessar og mindre offentleg innblanding kan medverke til at så skjer, slik intensjon er med dette framlegget, er det svært positivt og bør absolutt prøvast ut. At det også ligg ein positiv gevinst i form av spart arbeid for det offentlege er også eit moment å ta med.

Det bør gjevast høve til å fastsetje lokal forskrift om utvida plikt til å søkje om delingssamykkje tilpassa lokale tilhøve.

Framlegget til endringar bør prøvast ut.

Del II Det synest å vere ei rett vurdering at staten si rolle i frivillig kjøp og oreigning av tilleggsjord mm har vore av marginal betydning. Dette vart forsterka av at staten sin

forkjøpsrett i samband med konsesjon vart avvikla. Det er sjølvsagt vanskeleg å få aksept frå dei det går utover at det offentlege grip inn i slike samanhengar.

Praksis synest å vise at det offentlege har vore svært forsiktige med å bruke desse ordningane. Mange gonger syntest det slik at den forkjøpsretten staten hadde i samband med konsesjonssaker var noko som folk oppfatta som eit høgst reelt "ris bak spegelen" medan det i realiteten var bortimot umogleg å få staten til å ta i bruk. Dersom det er det same tilhøvet for både friviljuge ordningar og ordeigningsordningar er det i så fall ikkje rart at dei har fått marginal betydning. Det bør framleis vurderast om ikkje nokre av desse ordningane skal oppretthaldast. I alle fall bør jordfondet oppretthaldast slik at staten har att noko verkemiddel som kan vere med å bidra til å bygge tenlege eigedomsstrukturar i landbruket der det er behov for slik medverknad. Det kan næringa framleis ha trong for.

Del III og IV Det er lite å merke til framlegga knytt til tilskotsordninga og oppheving av uaktuelle lover.

FJALER KOMMUNE

«Sse_Navn»

Landbruks- og matdepartement
Postboks 8007 Dep

0030 OSLO

MELDING OM POLITISK VEDTAK

Vår ref.

05/456-3/K2-V6, K3-&13//KDH
05/6805

Dykkar ref.

Dato:

03.11.05

Høyring - forslag til diverse endringar i jordlova mv.

01.11.05 FORMANNSKAPET

Handsaming i møtet:

Rådmannen sitt framlegg vart samrøystes vedteke.

FOR-140/05 VEDTAK:

Formannskapet rår til at framlegg til ny jordlov slik det er skissert i del I vert vedtekne. Det bør gjevast høve til fastsetje lokale forskrift med plikt til å søkje om delingssamtykkje tilpassa lokale tilhøve.

Staten bør sikre seg eit minimum av verkemiddel som kan vere med å bidra til å få bygt rasjonelle landbrukseigedommar. Jordfondet må såleis oppretthaldast om lag slik det er i dag.

Ved ein feil her vart diverre uttalen ikkje send straks. Vi vonar likevel de tek i mot.

Med helsing

Knut David Hustveit
jordbrukssjef

Direkte tlf: 57 73 80 44

Vedlegg: Samla saksframstilling